

Info til løypeleggjar og medhjelpar

Medhjelparen sine oppgåver:

- Oppmøte kl. 17.15 og vere med å arrangere på løpsdagen og kanskje spesielt ta seg av nybegynnarane.
- Vi kjøper **ikkje** inn frukt og saft på vårsesongen på grunn av smittefaren
- (Det er fint om medhjelparen kan ta inn postar etter løpet, dersom løypeleggjar ynskjer dette)

Løypeleggjaren sine oppgåver:

- Leggje 4 løyper (3 på nattorienteringa og 6 på Hallingtreffen/HM):
 - **Nybegynnarløype (1,5 - 2,0 km):** Skal fylgje tydelege detaljar som sti, bekk, jordekant, gjerde, kraftline, tydeleg myr o.l. Bruk merkeband dersom det er eit litt vanskeleg strekk. Løypa skal ha minst 6 postar. Vi brukar ikkje EKT, men postskjermene skal ha kode som nybegynnarane kan notere ned, i staden for stifteklemmer. Gjeld for vårsesongen. Nokre gonger vil Endre teikne forslag på nybegynnarløypa.
 - **Kort løype (2,5 - 3,0 km):** Denne løypa skal vere nokså enkel. Postane skal liggje på eller nær tydelege detaljar. Du kan godt bruke store delar av nybegynnarløypa, kombinert med dei enklaste postane på mellomlang.
 - **Mellomlang (ca. 3,5 km):** Løypa bør vere nokså krevjande. Fint om du klarer å lage nokre ”vegvalsstrekk.”
 - **Lang løype (ca. 5 – 5,5 km):** Krevjande løype. Du kan godt bruke store delar av mellomlang løype.
- Kart til planlegging av løyper får du av Endre eller Neil.
- Postar, løpskasse, bord m.m. hentar du på siste løpet før ditt eige. Du bør setje den vesle printereren på lading i 4-5 timar.
-
- Postane **må** takast inn og leverast i løpet av **ei veke**. Postane tek du med på fyrste løpet etter ditt eige, og leverer til nestemann på lista. Vi har to sett med postar.
- EKT skal brukast på dei tre lengste løypene, men ikkje på nybegynnarløypa. På postane med EKT brukar vi no berre **blanke postar. Koden står på postenheten**.
- Reine nybegynnarpostar skal ha post med bokstavkode. Nybegynnarpostar som andre løyper også brukar, skal vere blanke og ha postenhet.
- Vi ynskjer å ha ferdig påteikna kart på løpa våre. Lever difor dei ferdige løypene til Endre måndag kveld, så teiknar han desse på data, skriv ut og tek med på løpet.
- Løypeleggjaren bør ta kontakt med medhjelparen eit par dagar før løpet.
- Løypeleggjar har ansvar for å merke vegen til start. Alle løp skal merkast frå rv. 52